

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2019/334-23

**Saksbehandlar**

Hildegunn Furdal

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2020/15	Plan-, teknikk- og miljøutval	09.06.2020

## Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020 - 2028 - utlegging til offentleg ettersyn

### Innstilling frå kommunedirektøren:

1. Plan-, teknikk- og miljøutval sluttar seg til planforslag til kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020-2028.
2. Planforslaget skal sendast på høyring og offentleg ettersyn med merknadsfrist på 9 veker frå kunngjeringsdato, jamfør plan- og bygningslova § 5-2, frist 18.08.2020.

### Behandling i Plan-, teknikk- og miljøutval den 09.06.2020

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedteken.

### Vedtak frå Plan-, teknikk- og miljøutval den 09.06.2020

1. Plan-, teknikk- og miljøutval sluttar seg til planforslag til kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020-2028.
2. Planforslaget skal sendast på høyring og offentleg ettersyn med merknadsfrist på 9 veker frå kunngjeringsdato, jamfør plan- og bygningslova § 5-2, frist 18.08.2020.

### Saksutgreiing:

Kvinnherad kommunestyre fastsette i møtet 20.02.2020 planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avløp, jamfør plan- og bygningslova § 11-13.

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp er ein overordna plan som angir korleis Kvinnherad kommune skal sikre ein berekraftig infrastruktur for vassforsyning og avløp som er tilpassa den forventa utviklinga i kommunen, og som oppfyller krav i lover og forskrifter. Planen er Kvinnherad kommune sin styringsreiskap for tiltak som skal gjennomførast i planperioden. Tiltak i planen vil bli innarbeidd i kommunen sitt langtidsbudsjett.

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp er utarbeidd og handsama i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova. Formålet med planen er å sikre at alle i Kvinnherad kommune til ei kvar tid har tilgang til nok vatn av godkjent drikkevasskvalitet. Transport og reinsing av avløpsvatn skal vere i samsvar med norsk regelverk og NS (Norsk Standard), og skal elles skje på ein slik måte at forureiningane ikkje fører til helseskade, går ut over trivsel, eller skadar naturen sin evne til produksjon og sjølvfornyng. I nye nasjonale føringar for vassforvaltning (2019) heiter det blant anna at alle avløpsanlegg i den enkelte kommunen skal oppfylle forureiningsforskrifta sine reinsekrav. Dette gjeld både kommunale og private anlegg.

Den førre kommunedelplanen for vassforsyning og avløp vart utarbeidd i 2012/2013 for perioden 2013-2024. Ei rullering av denne planen er nødvendig for å vurdere nye tiltak, endre prioritering og oppdatere kostnadskalkyle for planlagde tiltak som førebels ikkje er gjennomført.

Det er gjennomført store investeringar innanfor vatn- og avløp-sektoren, og i tida framover skal det gjennomførast fleire investeringar. VA-området er eit 100 % sjølvkostområde, der investeringar er finansiert over drifta ved at det vert tilført rente- og avdragskostnader. Gjeldande VA-plan frå 2013 er god og har danna grunnlaget for rulleringa. Det er viktig både for Kvinnherad som samfunn og for Kvinnherad kommune som organisasjon at ein har ei heilskapleg og langsiktig tenking på korleis vassforsyninga og avløp skal handterast i tida som kjem.

Det vart nedsett ei kommunal prosjektgruppe som har leia arbeidet med kommunedelplanen. Norconsult AS har vore rådgjevar for planarbeidet og har delteke i prosjektgruppa, som i tillegg inneheld personar frå eining for vatn og avløp og frå samfunnsutvikling. Det har vore tangeringar mot referansegruppa som mellom anna er samansett av Mattilsynet, Fylkeskommunen, Fylkeskommunen, DIHVA IKS.

Planen er delt inn i ein A-, B-, og C-del. Del A er felles for vassforsyning og avløp og tar for seg bakgrunn og rammer for planarbeidet, mellom anna lovgrunnlag og sentrale forskrifter, tilhøvet til andre planar og korleis arbeidet med vassforsyning og avløp er organisert i kommunen.

Del B tar for seg vassforsyninga i kommunen. Det vert gitt ei tilstandskildring av eksisterande anlegg og tiltak for vidare utbygging og forbetring. Tilsvarande handlar del C om avløp. Både del B og C avsluttast med ei samstilling av prioriteringar tiltak og økonomi og korleis tiltaka påverkar gebyrutviklinga i Kvinnherad kommune for perioden 2020-2028.

Overordna mål er for vassforsyninga at ein skal dekkje etterspurnaden etter hygienisk trygt drikkevatt der krava til kvalitet skal vere oppfylt innafor dei forskriftene som til ei kvar tid gjeld. Føremålet er at alle i Kvinnherad kommune skal ha tilgang til nok vatn med drikkevasskvalitet. Dette skal sikrast gjennom å ha hovudfokus på godkjente reinseprosessar, tilstrekkeleg leveringskapasitet, sikker distribusjon og beredskapstiltak som reserve- og krisevasskjelder.

#### **Økonomisk konsekvens:**

- Alle drifts- og kapitalkostnader knytt til vassforsyning og avløpshandtering skal dekkjast ved gebyr.
- Ved regulerings av nye bustadområde, skal det utarbeidast VA-rammeplan, overvassplan og flaumvurdering.

Arbeidet med kommunedelplan for vassforsyning og avløp har vore finansiert med delar av avsette budsjettmidlar i 2019-investeringsbudsjettet.

**Miljømessig konsekvens:**

Ein heilskapleg og langsiktig tenking på korleis vassforsyninga og avløp skal handterast i tida som kjem, vil ivareta vassmiljøet på ein berekraftig måte og ein vil ha betre føresetnadar for å nå miljømåla for våre vassførekomstar.

**Vedlegg:**

- *Planforslag: Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020-2028*
- *Planprogram for kommunedelplan for vassforsyning og avløp, vedteke 20.02.2020*